



Organisasjonen Ledingen eller Leidangen fekk offentleg stonad. Propagandaoblat frå ukjend år.

Då eg lekk denne tjuke - og dyre - boka mellom hendene, trudde eg at endeleg skulle vi få vite alt om norsk fascisme. Vonbrøtet blei so mykje større då eg endeleg la boka til side - 816 sider, 290 kroner, og so lite att! Eg skulle vel ha visst at redaktørane - og medforfattarar for dei fleste norske kapitla - hadde sett seg eit mål som er uoppnåeleg, nemleg å svare på

tal-materialet. Vi får til dømes vite at i Noreg - som i Finland, i dei protestantiske delane av Tyskland, Østerrike, Irland og Aust Europa - var innslaget av bønder betydeleg. I Sverige derimot - som i Storbritannia Frankrike, Nederland - var fascis-men eit bylenomen. I Noreg - som i Tyskland, Østerrike, Belgia - var funksjonær- og tene-stemantklassane sterkt over-

nokre år da krigen kom, som Ugelvik Larsen, eller er fødde etter krigen som dei to andre. Innsamla fakta i ein databank kan nemleg ikkje ta fram den delen av røyndomen som ikkje er målbar i talrekkeja.

Nostalgiske draumar

Mange stødde dei fascistiske rørsleane med opne augo av di dei såg på dei som ein lovnad om

Norsk fascisme var mykje meir enn NS

so mykje mellom to permar. Det gjer dei sjølvsagt ikkje heller. For berre å halde meg til Norge: Norsk fascisme var da mykje meir enn NS. NS hadde forloparar gjennom heile mellomkrigstida som skulle ha vore hand sama seriøst. For ikkje å snakke om alle dei prominente personane som slik blir ståande utanfor rekkjene av norske fascistar etter denne oppskrifta med fascis-men i Norge nærast på synonymt med NS. Frå september 1940 var saka klar av di Hitler ville ha Quisling og hans flokk. Elles kunne det nett like godt ha blitt Hjørt, eller Mogens o.a. Direkte var NS ei fortsettjing av Nordisk Folkereising frå 1931. Norsk fascisme er alto NS, om vi skal halde oss til boka. Det er uhistorisk; eg vil gjerne understreke det. Men det er denne boka som skal omtalast. Kanskje kjem det av at redaktørane er so unge? For etterkrigsgenerasjonen er NS synonymt med norsk fascisme, med Quisling som sjølvaste storfascisten. Kva er forresten hundre sider eller so når målet er å gjere greie for dei som var med i NS?


Hovudinnvendinga mi er at dette mykje har blitt -teknologisk-historie, der historia so å seie er redusert til statistikk. Noko får vi vite. Helst er det datamaskinopplysningar, taloppgåver, mengde og slukt. Det gjeld både NS og fascis-men i andre land. Difor kan vi samanlikne og trekkje slutningar på grunnlag av

representerte i dei fascistiske rekkjene. Arbeidarinnslaget var sterkast i Frankrike, Italia og Spania. I Tyskland var i dei heile høgstatusprofilen i Hitlers parti dominerande - sjølv om medlemsinnslaget frå høgstatusklassen var endå større i Aust Europa. I Tyskland, Italia og andre land som var med i første verdskrigen var bitterheita og frustrasjonen blant krigsveteranar i dei heile, og især blant offiserar, mellom dei tremste motiva for å slutte seg til dei fascistiske partia. Den sosiale degraderinga i dei same laga av folket utgjorde eit anna hovudmotiv for å bli fascist. Elles var det anti-kommunismen - eller anti-sosialismen av di parti som Det norske arbeiderparti og blei rekna som ekte revolusjonære sosialistparti den gong - som var det største av alle motiva. Dei påstandane som visse høgstatusklassar i Norge i dag set fram om at fascisme og kommunisme mykje er to stykke av same alen, er heilt meningslause og utan historisk dekking. Andre sterke motiv var arbeidsløysa, tvangsaukasjonane, den ålmenne depresjonen og gjeldskrisa. Di meir eg tenker over kapitla om kva som skapte grobott for fascisme i Norge, di klarare ser eg at forfattarane av dei aktuelle kapitla ikkje har fått fram sterkt nok kva for eitt i særklasse hovudmotiv anti-sosialismen, eller anti-bolajevismen, var. Truleg er det slik av di dei enten berre var

noko betre, ei gjenfødning, som nostalgiske draumar om å skru klokka tilbake til ei forindustriell tid. Av slike grunnar vende dei demokratiet ryggen, var ferdige med alt som stanka av parlamentarisk styreform. Demokrati og parlamentarisme var for dei synonymt med krangel, ineffektivitet, kvisar. Ei hovudvekt er lagt på å syne korleis impulsane frå Tyskland og Italia spreidde seg i Europa og korleis desse impulsane tilpassa seg til høve og kultur i dei respektive land. Kva gjeld Tyskland, lykkjer eg at Walter Laquer pipoyr mykje djupare, sjølv om boka har mykje godt stoff. Men eg tykkjer ikkje at dei norske bidragsytarane greier å svare fullt godt på sine eigne spørsmål om kven og kva norske fascistar og norsk fascisme var. Eit unntak er det kapitlet Hans Dietrich Løock har skrive.

Det er eigentleg ikkje å undrast over heller, for dei set i røynda altfor trong ramme rundt omgrepet fascisme i Noreg som på ingen måte var berre NS. Ho var i røynda sterkare utanfor NS enn i minipartiet som etter norske tilhøve var svært stor under okkupasjonen, som lekk 28 000 røyster ved statsingsvalet i 1933, men som sprakk etter valet tre år seinare. Vi les at ungdomsinnslaget var stort i NS; at høgstatusgrupper hadde stor overvekt i medlemsmassen, at NS hadde sterkt varierende tilslutning i dei ymse landsdelane

Svein Blindheim melder boka: WHO WERE THE FASCISTS



VI VIL OSS ET LAND

NS var ei slags militær avskalling av Fedrelandslaget. Propagandakort frå 1943.